

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
44/07	07/775	MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL STNR 22.05.07
45/07	06/353	PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK 2007-2011
46/07	07/372	REGULERINGSPLAN FOR SKARSLIA HOTELL §30 HANDSAMING

Saksnr. 44/07

MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL STNR 22.05.07

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Handsaming:

Leiar etterlyste status for søknad frå Sverre Skrindo om flytting/istandsetting av stølsbu på Kråkhamar.

STNR fekk orientering om saka og vedtok med 5 mot 2 røyster (1 Ap, 1V) å handsame søknaden frå Sverre Skrindo i møtet.

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) vart samrøysets vedteke:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs godkjenner med heimel i plan- og bygningslovas § 81 byggemelding og teikningar datert 29.9.06 for flytting/istandsetting av stølsbu og fjøs på Kråkhamar frå Sverre Skrindo. STNR ser på saka som naudsynt istandsetting av ei tradisjonell stølsbu i ei stølsgrend. Alternativet er å la bygga forfalle då bua i dag ikkje har tak og muren er i ferd med å rasa ut.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs godkjenner med heimel i plan- og bygningslovas § 81 byggemelding og teikningar datert 29.9.06 for flytting/istandsetting av stølsbu og fjøs på Kråkhamar frå Sverre Skrindo. STNR ser på saka som naudsynt istandsetting av ei tradisjonell stølsbu i ei stølsgrend. Alternativet er å la bygga forfalle då bua i dag ikkje har tak og muren er i ferd med å rasa ut.

Saksnr. 45/07

PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK 2007-2011

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 8.5.07.
2. Budsjetthandsaminga kvart år avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.
3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.

Handsaming:

Tor Veslegard gjekk frå som ugild. I hans stad møtte Sverre L. Mostue.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) :

30 km og opphøgd gangfelt ved Ål kyrkje vart samrøystes tilrådd som prioritet nr 1.

Følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H) vart tilrådd med 7 (2H, 2 Frp, 1 SP, 1 Kr og 1 AP) røyster:

Tiltaket flytte gangveg innanfor P-areal på strekninga Sundrevegen vest for postkontoret og omgjerung av parkeringsmønsteret på Torget vert nedprioritert til uprioritert.

Mindretalet på 6 (3 V, 1 AP, 1 SV, 1 SP) røysta for følgjande framlegg frå Magny Folkedal (SP): Tiltaket flytte gangveg innanfor P-areal på strekninga Sundrevegen vest for postkontoret og omgjerung av parkeringsmønsteret på Torget vert nedprioritert til prioritet nr 2.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) vart samrøystes tilrådd:

Ta inn skilting av sykkelrute Breievegen som fyrste prioritet.

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes tilrådd:

Prioriter gangveg på strekninga Gullhagabrue-Gullhagasvingen (fylkesveg) som prioritet 1.

Prioriter gangveg på strekninga Hago-Gullhagabrue som prioritet 2.

Prioriter gangveg på strekninga Gullhagasvingen-Sando som prioritet 3.

Gangveg på strekninga Feten-Leveld kyrkje får prioritet nr 3

Følgjande framlegg frå Sverre L. Mostue (FrP) vart samrøystes tilrådd.

Ta inn nytt tiltak vegrekkverk Tjøndalsvegen (om lag 35 m) hjå Per Ove og Helga Sørensen som prioritet 1.

Følgjande framlegg frå ordføraren vart samrøystes tilrådd:

Alle tiltak som gjeld fylkes- og riksveg må i tillegg stå på lista i kap 3.2 ” tiltak som kommunen ynskjer stat, fylke eller andre etatar skal gjennomføre”.

Gjer om teksten for Vangenkrysset til utbetring av krysset.

Følgjande framlegg frå John Storhaug (V) vart samrøystes tilrådd.

Ta inn ordlyden frå sektorplan for oppvekst når det gjeld samanbinding av skuleområdet ved Nedre-Ål og nærmiljøet og når det gjeld standard på nye gangvegar/gangstigar.

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V):

Få inn ferskare ulukkesstatistikk, få inn kart evt fjerne henvising til kart.

Følgjande framlegg frå Per Ove Nybråthen (SV) fekk 2 røyster (Sv, AP):

Ta opp med Statens vegvesen om det er mogleg å få senka fartsgrensa til 70 km/t på riksvegen forbi Ål frå Liagardskrysset og forbi Vangen med grunngjeving trafikktryggleik og støyavgrensing.

Fleirtalet på 11 røysta mot å ta inn dette punktet.

Framlegg:

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 22.5.07 med rettingar gjort i fellesmøte mellom sektorutval for oppvekst og sektorutval for teknisk, næring og ressurs.
2. Budsjetthandsaminga kvart år avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.

3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.

Saksnr. 46/07

REGULERINGSPLAN FOR SKARSLIA HOTELL §30 HANDSAMING

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs godkjenner med heimel i plan- og bygningslovas §30 søknad frå Skarsgård as om å starte omregulering av Skarslia hotell under vilkår av at:

- Det vert fastset rekkjefølgjereglar som skal sikre at delar av innteninga frå sal av sjølveigar fritidseiningar vert brukt til naudsynt renovering/opprusting av hotellet og til å sikre og styrke det totale aktivitetstilbodet i området
- Det vert utarbeidd ei samarbeidsavtale mellom hotellet og skiheisanlegget og evt andre aktørar i området som tilbyr aktivitetar (t.d. løypenemnd el l).
- Utbygginga vert inndelt i byggesteg der det t.d. er eit krav at hotellet vert renoverert/opprusta og er i drift med eit minimum tal varme senger før dei 70 % siste sjølveigar fritidseiningane vert tillate bygt ut.
- Det må også framleggast idear til sommaraktivitetar i området og ei skisse for korleis ski- og akeanlegget kan tenkast utvikla t.d. 20 år fram i tid.
- Utbyggjar må rekne med å koste naudsynt avlaupsanlegg, vassforsyning og evt naudsynte utbetringar av avkøyring til fylkesvegen som følgje av utbygginga.

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) vart samrøystes vedteke:
Saka vert utsett for synfaring i juni-møtet.

Vedtak:

Saka vert utsett for synfaring i juni-møtet.

Rett utskrift, Ål den 25. mai 2007-05-25

Kari H. Medgard